

Søkjarar, studentar, studiepoeng og kandidatar i HF-faga

I tidsrommet 2003 -2015 har det vore ein auke i samla studenttal innan høgare utdanning i Norge på om lag 25 prosent. I historisk-filosofiske fag er studenttalet om lag uendra.

I dette notatet skal vi særleg sjå på utviklinga i studenttal, søkjarar, studiepoeng og kandidatar ved HF-UiB. Det blir lagt hovudvekt på dei siste åra og situasjonen ved UIB, men vi skal også sjå på utviklinga nasjonalt. Data er i hovudsak henta frå DBH (Database for statistikk om høgare utdanning) og frå Samordna Opptak.

1. Nasjonale trendar : søkjarar, studentar, studiepoeng og kandidatar

Talet på søkjarar, studentar, studiepoeng og kandidatar har utvikla seg slik i høgare utdanning i Norge i tidsrommet 2003 – 2015¹:

Tabell 1a. Søkjarar og frammøtte studentar 2003 - 2015

	2003	2005	2008	2010	2012	2015	Endr	Endr pst
Søkjarar (personar)	93 708	101 334	96 143	106 482	115 764	127 144	33 436	35,7
Kvalifiserte søkj	72 799	76 710	71 395	87 843	96 632	101 370	28 571	39,2
Tilbod	67 239	68 555	66 367	77 934	80 899	88 984	21 645	32,2
Tal frammøtte	47 829	48 743	45 362	49 372	52 678	56 873	8 693	18,2
Frammøte/tilbod	71,1%	71,1%	68,4%	63,5%	65,1%	63,9%	-7,2 %	-10,1

Søkjartalet har auka sterkt, og auken er endå større når det gjeld kvalifiserte søkjarar. Auken har dels samanheng med storleiken på ungdomskulla og er dels uttykk for auke i tendensen til å søkje høgare utdanning, som delvis er konjunkturavhengig. Etter 2008 er det ein sterk auke, som ser ut til å vere uavhengig av konjunkturar.

Talet på tilbod har også auka sterkt etter 2008, men andelen av dei som har fått tilbod som møter fram, har gått ned, særleg frå 2005 til 2010.

Talet på frammøtte har vore om lag som talet på planlagde studieplassar, og auken i talet på frammøtte tilsvarar då om lag auken i talet på studieplassar,.

Tabell 1b. Registrerte studentar 2003 – 2015. Gjennomsnittstal for haust- og vårsemester

	2003	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
Sum	185479	189389	185764	191337	207049	222249	231436	45956	24,8

Auken i talet på studentar er også sterk, særleg i åra 2009 til 2013. Dette har i stor grad samanheng med oppretting av nye studieplassar. Auken er likevel ikkje så sterk som auken i talet på kvalifiserte søkjarar i same tidsrom.

Tabell 1c. Avlagde studiepoeng 2003 – 2015 (2013)

	2003	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
Sum	132 484	138 696	137 360	142 068	154 928	163 384	172 476	39 992	30,2

Auken i avlagde studiepoeng er vesentleg høgare enn auken i studenttalet - 30,2 pst mot 24,8 pst auke i registrerte studentar.

¹ Sluttstatistikken for 2015 er førebels ikkje ferdig. Tala for 2015 er henta frå førebels statistikk og frå DBH

Tabell 1d. Ferdige kandidatar

	2003	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
Sum	31 874	32 485	35 304	34 960	37 878	41 506	48 014	16 140	50,6

Auken er mykje større enn auken i studenttalet og i avlagde studiepoeng. Innhaldet i og registreringa av kandidatar er endra etter 2003, og tala i 2003 er ikkje heilt samanliknbare med 2015. Men vi ser at det er ein relativt sterkare auke frå 2009 til 2015 enn tidlegare i perioden, og auken er svært stor frå 2013 til 2015.

Tabell 1d. Studiepoeng per student 2003 – 2015

	2003	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
Sum	43,0	43,3	43,7	43,8	44,2	45,0	44,1	1,1	2,5

Tabell 1e. Studentar per faglege årsverk 2004 -2014

	2004	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
Alle	12,84	12,68	11,87	11,71	12,1	12,63	12,58	-0,26	-2,0
Univ	8,98	8,93	8,07	8,16	8,47	8,83	8,70	-0,28	-3,1

Studentar per faglege årsverk viser ein liten nedgang i perioden, nedgangen er litt mindre ved universiteta enn ved alle institusjonar. I denne perioden har det vore ein sterk eg auke i talet på stipendiatar som er medrekna i faglege årsverk.

Utviklinga i perioden 2003 – 2015 kan kort oppsummerast slik:

- Talet på kvalifiserte søkjarar til høgare utdanning har auka med 39 prosent i perioden 2003 – 2015. Talet på opptekne studentar (frammøtte) har auka med om lag 18 prosent
- Studenttalet har auka med om lag 25 prosent
- Avlagde studiepoeng har auka med om lag 30 prosent
- Avlagde studiepoeng per student har auka frå 43,0 til 44,1, som er ein auke på 2,5 prosent
- Talet på ferdige kandidatar har auka med om lag 50 prosent
- Talet på studentar per faglege årsverk har gått litt ned. Dette kjem delvis av ein sterk auke i talet på stipendiatar som er rekna inn i faglege årsverk

2. Kvar kjem studentauken?

2.1 Utdanningar

Auken i studenttalet er i stor grad avhengig av talet på nye studieplassar som er oppretta over statsbudsjettet og av i tendensen til auka søking til høgare utdanning. Nye studieplassar er dels fordelte i høve til vurderinga av behov for arbeidskraft på ulike område og dels i høve til søknadstal på ulike område.

Nedanfor skal vi sjå på utviklinga i studenttalet innafor ulike utdanningar/utdanningsområde, med utgangspunkt i grupperinga i studium i DBH. DBH har gruppert programma på litt over 50 utdanningar (studium). I tabellen nedanfor er ein del av desse slått saman til utdanningsområde. Historisk-filosofiske fag er ei utdanning medan t.d. helsefag omfattar mange enkeltutdanningar.

Tabell 2.1. Registrerte studentar i haustsemester² 2003 – 2015. Fordelte etter utdanning/ utdanningsområde

<i>Utdanning/utdanningsområde</i>	<i>2003</i>	<i>2009</i>	<i>2015</i>	<i>Endring</i>	<i>Endr pst</i>
Økonomisk-administrativ utdanning ³	32359	35137	45305	12945	40,0
Realfag og teknologi	33598	34191	45879	12281	36,6
Samfunnsvitskap	15077	17269	20477	5400	35,8
Lærarutdanning og pedagogiske fag	27623	28503	36279	8656	31,3
Helse og sosialfag	39742	42951	48933	9191	23,1
Juridiske fag	6949	7166	8452	1503	21,6
Historisk-filosofiske fag	22270	21581	22148	-122	-0,5
Øvrige utdanningar	14011	14805	17291	3280	23,4
Sum	191629	201603	244764	53134	27,7
HF-fag sin andel av total	11,6 %	10,7%	9,0%	-2,6 %	

HF-faga har om lag uendra studenttal. Dei andre områda aukar frå om lag 20 prosent til 40 prosent, og HF sin andel av totalt studenttal går ned frå 11, 6 prosent til 9 prosent i perioden.

Hovudtendensane sidan 2003 er:

- Sterk auke i økonomisk-administrativ utdanning, særleg på bachelornivå
- Sterk auke i realfag og teknologi, særleg etter 2009
- Samfunnsvitskap har også sterk auke
- Lærarutdanning og pedagogiske fag har også ein sterk auke. Auken er særleg sterk innfor dei integrerte lærarutdanningsprogramma, der studenttalet har auka frå om lag 400 til 4000 i perioden. Grunnskulelærarutdanning og PPU har ein liten nedgang i studenttalet
- Helse- og sosialfag omfattar mange utdanningar og er totalt det største utdanningsområdet med nesten 49 000 studentar hausten 2015. Dei lange profesjonsutdanningane (medisin, odontologi og psykologi) har ein auke som er klårt under gjennomsnittet. Det same gjeld sjukepleiarutdanninga som er den største enkeltutdanninga innan helse og sosialfag
- Juridiske fag og «øvrige utdanningar» har auke litt under gjennomsnittet.

Sjølv om det er status quo for HF-faga, er dei likevel ei av dei største utdanningane når det gjeld studenttal. Når vi ser på enkeltutdanningar, er det berre økonomisk-administrativ utdanning og samfunnsvitskap som har fleire studentar enn HF. Sjølv om HF går relativt tilbake, er det mange studentar i HF-faga.

5-årig integrert lærarutdanning innan HF-fag og utøvande musikk kjem i tillegg til studenttalet i HF-faga ved fleire institusjonar.

2.2 Ved kva institusjonar kjem studentauken?

Dataene i DBH er fordelte på ulike typar institusjonar, men det har vore store endringar i organiseringa (høgskular er blitt universitet/høgskular er slått saman/høgskular er slått saman

² Tala for haustsemestra er litt høgare enn gjennomsnittstala. For å forenkle brukar vi i hovudsak tal for haustsemestra i dette notatet

³ I 2003 var mange program som i dag er plasserte under øk-adm plasserte under samfunnsvitskap. Tala i DBH er ikkje korrigererte for dette. For å få eit riktigare bilete er 7000 studentar i tabellen ovanfor flytta frå samfunnsvitskap til øk-adm i 2003 og 5000 in 2009

med universitet), og samletabellar for institusjonstypar soen viser ikkje eit riktig bilete. Vi skal difor særleg sjå på utviklinga ved universiteta.⁴

Tabell 2.2. Registrerte studentar ved universiteta 2003-2015

Universitet	2003	2009	2015	Endring	Endr pst
NMBU	2555	3267	5221	2666	104,3
NTNU	19399	19816	22498	3099	16,0
UiA	7421	8201	11033	3612	48,7
UiB	17235	14083	15462	-1774	-10,3
UiN	3770	5060	6096	2326	61,7
UiO	29576	27700	27194	-2382	-8,1
UiS	7133	8209	10007	2874	40,3
UiT	7845	7911	11889	4044	51,6
Sum	94 933	94 247	109 400	14 466	15,2

Auken ved universiteta er mindre enn gjennomsnittet trass i sterk auke ved dei nye universiteta. Av dei gamle universiteta har NTNU ein bra auke. UiT har ein sterk auke, men det skuldast delvis samanslåing med Høgskolen i Tromsø. UiB og UiO, som hadde høge studenttal i 2003, har ein klår tilbakegang. Tilbakegangen er frå 2003 til 2009. Etter 2009 er det auke eller status quo også ved desse universiteta.

Den relative endringa mellom institusjonane kjem dels av at nye studieplassar i stor grad har kome innafør utdanningar som i hovudsak er ved statlege høgskular og nye universitet (lærarutdanningar, helse og sosialfag og økonomisk-administrativ utdanning)..

2.3 Utviklinga i historisk-filosofiske fag

Totalt for HF-faga er det om lag status quo når det gjeld studenttal. Det er ein liten nedgang frå 2003 til 2009 og ein liten auke frå 2009 til 2015. Nedanfor skal vi sjå på utviklinga i HF-faga ved dei ulike universiteta og ved andre institusjonar.

Tabell 2.3 Registrerte studentar i HF-fag⁵ ved ulike institusjonar (haustsemester)

Institusjon	2003	2009	2015	Endr	Endr pst
NTNU	3020	3013	3018	-2	-0,1
Universitetet i Agder	897	972	1309	412	45,9
Universitetet i Bergen	4497	3118	2872	-1625	-36,1
Universitetet i Nordland	223	241	410	187	83,9
Universitetet i Oslo	7877	6818	5969	-1908	-24,2
Universitetet i Stavanger	757	903	692	-65	-8,6
UiT	952	1035	835	-117	-12,3
Sum universitet	18224	16100	15104	-3120	-17,1
Sum statlege høgskular	3617	4764	5692	2075	57,4
Sum private institusjonar	430	717	1352	922	214,4
Total	22270	21581	22148	-122	-0,5

⁴ Fleire av universiteta hadde ein annan status i 2003 og delvis i 2009. Tala for desse er tatt med i 2003 og 2009 og summen for desse åra blir difor høgare enn i tabellen ovanfor

⁵ Utøvande musikk og integrert lektorutdanning er ikkje med i tala i denne tabellen, og det vil endre biletet ein del

Samla er det tilbakegang ved universiteta, særleg ved UiB og UiO. NTNU har om lag stabile studenttal medan det er auke ved UiA og UiN. Nedgangen ved UiO og UiB er særleg sterk frå 2003 til 2009, UiO har også sterk nedgang frå 2009 til 2015.

Statlege høgskolar har ein betydeleg auke i studenttalet. Det gjeld også private institusjonar, men dei har eit lågt studenttal.

Auken ved statlege høgskolar kjem dels ved oppretting av nye program og ei utbygging til masternivå innafor fleire program. Studieprogramma ved desse institusjonane har ein meir tverrfagleg karakter enn ved universiteta.

Ved universiteta er det særleg NTNU, UiB og UiO som har relativt mange studentar i HF-fag. NTNU har ei vesentleg anna utvikling enn UiB og UiO. Ved UiB og UiO var HF sin andel av samla studenttal svært høg i 2003, litt over 26 prosent medan andelen ved NTNU var knapt 17 prosent. Andelen HF-studentar har auka ved NTNU medan den har gått ned ved UiB og UiO. Vi skal difor sjå nærare på organiseringa av program og rekruttering av studentar ved desse tre institusjonane.

3. Utviklinga ved UiB

Som vi har sett ovanfor har UiB hatt ei anna utvikling i studenttalet enn det som gjeld generelt innafor høgare utdanning. Nedanfor skal vi sjå på utviklinga for ein del fleire indikatorar, avgrensa til åra 2003, 2009, 2014 og 2015.

Det synest å vere ei tendensendring frå 2014 til 2015, og vi tek difor med tal for begge dei siste åra.

Tabell 3.1 Utviklinga i søkjartal, studentar, studiepoeng og kandidatar ved UiB

	2003	2009	2014	2015	Endr	Endr pst
Søkjarar (personar)	6 549	8 297	8 452	8 922	2 373	36,2
Tilbod	6 072	6 567	7 145	7 826	1 754	28,9
Tal frammøtte	3 975	4 152	4 092	4 421	446	11,2
Registrerte studentar	17 235	14 083	14 790	15 462	- 1773	- 10,3
Stud/fagleg tilsette	9,97	7,03	7,15	7,44	-2,53	- 25,3
Avlagde studiepoeng	10 411	10 103	10 204	1 0805	394	3,8
Studiepoeng per student	37,3	45,3	43,6	44,1	6,8	18,2
Kandidatar	1 624	2 433	2 515	2 587	+963	59,3

Samanlikna med tabellane i kapittel 1, ser vi at auken i søkjartal og tilbod er om lag den same ved UiB som nasjonalt. Auken i talet på frammøtte er ein del mindre og studenttalet gjekk markert ned fram til 2009. Frå 2009 til 2015 er det auke.

Det er ein liten auke i avlagde studiepoeng, trass i nedgangen i studenttalet. Studiepoeng per student auka sterkt frå 2003 til 2009, men det er ein liten nedgang frå 2009 til 2015. Også er det auke frå 2014 til 2015, og i prosent er det ein auke på 18,2, som er mykje høgare enn i sektoren totalt.

Den sterke auken i kandidattalet frå 2003 til 2009 kjem delvis av endra registreringspraksis. Frå 2009 til 2015 er det auke i kandidattalet om lag som i studenttalet.

På grunn av nedgangen i studenttalet har UiB ein sterk nedgang i studentar per fagleg tilsette fram til 2009.

Ved UiB har utviklinga vore slik (registrerte studentar i haustsemestra):

Tabell 3.2 Registrerte studentar ved fakulteta ved UiB. 2003 – 2015. Haustsemester

Fakultet	2003	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
HF	4610	4064	3779	3427	3288	3301	3298	-1312	-28,5
JUR	2042	2037	2026	2098	2116	2084	2268	226	11,1
MN	2519	2293	2134	2236	2428	2693	2918	399	15,8
MOF	1646	1691	1686	1648	1725	1754	1821	175	10,6
PS	2730	1850	1606	1737	1597	1633	1914	-816	-29,9
SV	3275	3551	2898	2787	2932	2974	3224	-51	-1,6
Ex phil	310	79						-310	
UiB	103	360	423	150	1	13	20	-83	
Sum	17235	15925	14552	14083	14086	14452	15462	-1773	-10,3
HF-andel	26,7	25,5	26,0	24,3	23,3	22,8	21,3	-5,4	-20,2

HF har ein sterk tilbakegang, men tilbakegangen kom særleg før 2009, og i denne perioden hadde nesten alle fakultet tilbakegang. Frå 2009 har HF ein liten tilbakegang medan dei andre fakulteta har auke i studenttalet.

HF er framleis det største fakultetet ved UiB når det gjeld studenttal, men vi ser at både MN og SV nærmar seg sterkt.

HF sin andel av samla studenttal ved UiB var svært høg i 2013, 26,7 prosent. Andelen har gått sterkt ned, også etter 2009.

Tabell 3.3 Avlagde studiepoeng ved fakulteta ved UiB. 2003 – 2015

Fakultet	2003	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
HF	2 508	2 541	2 299	2 028	2 097	1 992	2051	-457	-18,2
JUR	1 431	1 630	1 613	1 584	1 545	1 644	1 637	206	14,4
MN	1 316	1 518	1 503	1 456	1 601	1 653	1 849	533	40,5
MOF	1 258	1 366	1 469	1 663	1 518	1 481	1 587	329	26,2
PS	1 421	1 060	1 045	1 124	1 139	1 235	1 309	-112	-7,9
SV	1 999	2 094	2 096	1 869	1 882	1 858	2 005	6	0,3
Ex phil	463	371	329	354	326	350	367	-94	-20,3
UiB	15		1	26				-15	
Sum	10 411	10 580	10 354	10 103	10 109	10 214	10 805	394	3,8
HF-andel	24,1	24,0	22,2	20,1	20,7	19,5	19,0	-4,8	-19,9

UiB har nedgang i avlagde studiepoeng fram til 2009. Frå 2009 til 2013 er det status quo og ein liten auke. Frå 2013 til 2015 er det ein relativt sterk auke, særleg frå 2014 til 2015.

HF har ein sterk nedgang, men nedgangen er litt mindre enn i studenttalet. HF's andel går ned over heile perioden med unntak av 2009 til 2011. HF er framleis største fakultet, men SV og MN nærmar seg sterkt.

Tabell 3.4 Studiepoeng per student ved fakulteta ved UiB 2003 – 2015

Fakultet	2003	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
HF	35,4	35,7	38,0	40,1	40,0	37,5	38,3	2,9	8,2
JUR	44,3	53,8	52,2	49,2	47,1	50,4	48,6	4,3	9,7
MN	34,8	41,3	42,9	42,2	41,2	40,6	41,6	6,8	19,5
MED/MOF	48,5	49,7	50,0	58,3	53,7	50,4	54,4	5,9	12,2
OD	48,8	51,2	54,0						
PS	34,5	39,0	42,0	45,1	42,5	47,2	44,9	10,4	30,1
SV	36,4	38,4	43,8	41,9	42,3	42,1	43,1	6,7	18,4
UIB	36,5	39,4	42,3	44,0	43,1	42,6	44,1	7,6	20,8
HF/UiB (%)	96,9	90,4	89,7	91,0	92,8	88,1	86,8	-10,1	-10,4

Studiepoeng per student auka sterkt ved UiB frå 2003 og fram til 2009. Etter 2009 er det nedgang fram til 2013, men det er ein ny auke frå 2014 til 2015. HF hadde ei positiv utvikling fram til 2009/2011. Etter 2011 er det ein markert nedgang, men ny auke frå 2014 til 2015. MN og SV som hadde om lag same utgangspunkt som HF, har vesentleg betre gjennomføring enn HF i 2015.

Det synest å vere ein særleg tendens frå 2014 til 2015 ved UiB, og vi skal sjå nærare på utviklinga dei siste semestra.

Tabell 3.5 Studiepoeng per student ved fakulteta ved UiB 2014 – 2015. Begge semester

Fakultet	2014		2015		Endring		Endring i pst	
	V	H	V	H	V	H	V	H
HF	20,36	16,09	21,43	17,05	1,07	0,96	5,3	6,0
JUR	30,78	18,02	30,94	18,46	0,16	0,44	0,5	2,4
MN	20,97	19,25	21,64	19,35	0,67	0,1	3,2	0,5
MOF	31,61	19,82	32,75	20,63	1,14	0,81	3,6	4,1
PS	23,16	20,58	24,05	20,98	0,89	0,4	3,8	1,9
SV	22,43	20,85	22,72	19,95	0,29	-0,9	1,3	-4,3
Sum	24,15	18,92	24,82	19,19	0,67	0,27	2,8	1,4

Studiepoeng per student er vesentleg høgare i vårsemestra enn haustsemestra. Dette kjem m.a. av det blir avlagt fleire større eksamenar i vårsemestra, m.a. masteroppgåver. Det er auke både frå vår til vår og frå haust til haust, totalt og ved nesten alle fakulteta. HF har den største auken, totalt og frå haust til haust, men har likevel lågast gjennomføring.

Tabell 3.1 viser ein relativt sterk auke i talet på frammøtte studentar hausten 2015. Samstundes er det ein auke i avlagde studiepoeng per student på 1,4 prosent. Ved HF er denne auken på 6 prosent.

Tabell 3.6 Studentar per faglege årsverk ved fakulteta ved UiB 2004 - 2015

Fakultet	2004	2005	2007	2009	2011	2013	2015	Endr	Endr pst
HF	12,64	11,23	10,01	9,1	8,61	8,58	8,66	-3,98	-31,5
Jur	34,28	34,47	31,31	28,44	29,98	26,19	24,38	-9,90	-28,9
MN	5,31	4,82	3,82	3,76	4,31	4,66	5,0	-0,31	-5,8

MOF	4,19	4,04	3,63	3,5	3,98	3,43	3,59	-0,60	-14,3
OD	4,21	4,24	3,81						
PS	17,05	12,87	9,61	11,06	11,26	10,41	13,42	-3,63	-21,3
SV	17,56	18,56	13,32	12,35	12,53	12,12	12,67	-4,89	-27,8
Sum	9,97	9,28	7,62	7,03	7,34	7,16	7,44	-2,53	-25,4

Forholdstalet mellom studentar og faglege årsverk går markert ned. HF er det fakultetet som har størst nedgang. Utviklinga kjem dels av nedgangen i studenttal og dels av ein relativt sterk auke i stipendiatstillingar.

4. Utviklinga ved HF 2010 - 2015

Vi skal sjå nærare på utviklinga ved HF, i hovudsak på programnivå. Sidan det særleg er dagens program som skal vurderast, skal vi konsentrere oss om åra 2010 – 2015. Det blir lagt særleg vekt på dei programma som har opptak gjennom Samordna opptak.

4.1 Søkjarar, opptak, studentar, studiepoeng og kandidatarar

Dataene om opptak og studentar er henta dels frå DBH og dels frå Samordna opptak.

Tabell 4.1 Søkjarar, opptekne, studentar, studiepoeng og kandidatar

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endring
Søkjarar (1. pr.)	1747	1485	1495	1609	1163	1309	-438
Tilbod	1631	1699	1831	1931	1693	1893	262
Opptekne (møtt)	924	940	947	1011	921	1031	107
Opptakspoeng (gj. snitt)	44,2	42,8	42,6	42,6	42,0	41,6	-2,6
Reg stud (gj. snitt)	3316	3151	3151	3167	3120	3103	-213
Stud/faglege årsverk ⁶	9,41	8,61	8,33	8,58	8,37	8,66	-0,75
Studiepoeng 1 ⁷	2106	2097	2076	1992	1967	2051	-55
Studiepoeng 2	2141	2127	2102	1999	1909	1979	-162
Stud poeng/student	38,6	40,5	40,0	37,7	36,7	38,3	-0,3
Kandidatar –bachelor	293	299	336	321	297	270	-23
Kandidatar – master	160	175	170	158	143	188	28

Frå 2010 til 2015 er det ein liten tilbakegang på dei fleste indikatorarr, men vi ser at det er ein positiv tendens frå 2014 til 2015 .

Talet på **1. prioritetssøkjarar** hadde ein topp i 2010 og i 2013. Det var sterk nedgang til 2014, men ein auke i 2015.

Talet på **tilbod og frammøtte** studentar har variert ein del, delvis avhengig av søkjartalet. Gjennomsnittleg opptakspoeng går litt ned.

⁶ Stipendiatar er rekna med i faglege årsverk, og tala kan såleis vere misvisande dersom ein tenkjer på undervisningsarbeidet. Men talet på stipendiatar ved HF har ikkje endra seg mykje i perioden. Det var 77,5 årsverk i stipendiatstillingar i 2010 og 85,3 i 2014

⁷ Studiepoenga er berekna på to måtar: 1) med utgangspunkt i det programmet emnet tilhøyrrer 2) med utgangspunkt i det programmet studenten har studierett på . Det er den første som er grunnlaget for resultatbudsjett

Studenttalet gjekk markert ned frå 2010 til 2011. Etter 2011 har det vore ein liten nedgang, også frå 2014 til 2015, men når vi ser på dei enkelte semestra, er det auke frå H2014 til H2015. Student per fagleg årsverk har gått ned med om lag 1 i perioden.

Avlagde studiepoeng går ned frå 2010 til 2014, men det er ein bra auke frå 2014 til 2015.

Studiepoeng per student auka frå 2010 til 2011. Etter 2011 var det ein markert nedgang til 2014, mens det er auke frå 2014 til 2015.

Opptakstala er relativt høge i høve til samla studenttal, men talet på studentar går likevel litt ned i same tidsrom. Det indikerer eit betydeleg fråfall sidan kandidattalet er mindre enn opptaket av nye studentar. Det hadde vore ynskeleg om vi kunne fått ein god oversikt over fråfallet i dei ulike kulla. Det går an å lage overslag ut frå DBH-tala, men dette er svært tidkrevande. Dersom vi kunne fått køyrt ut data frå FS, ville vi kunne ha eit betre grunnlag for å vurdere fråfallet på dei ulike programma.

4.2 Opptaket til dei ulike programma

Gjennom Samordna opptak vart det hausten 2015 teke opp studentar til 27 bachelorprogram, 10 årsstudium og 3 integrerte masterprogram.

Vi skal sjå nærare på opptakstala for 2010 – 2015 . Bachelorprogramma er grupperte i språkfag og andre fag.

Tabell 4.2a Tilbod og møtt i bachelorprogram 2010 – 2015. Språkfag

Program	2010		2011		2012		2013		2014		2015		Endr		2015 pst møtt
	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	
Bachelor															
Arabisk	18	9	44	13	41	17	36	12	47	19	32	15	14	6	46,9
Engelsk	122	80	112	70	103	64	123	71	118	80	136	77	14	-3	56,6
Fransk	23	12	24	17	30	13	13	10	13	11	23	9	0	-3	39,1
Italiensk	19	6	22	10	25	11	23	15	15	9	19	12	0	6	63,2
Japansk			70	51	74	45	56	38	51	29	65	43	65	43	66,2
Kinesisk							46	16			48	26	48	26	54,2
Russisk	31	17	34	19	36	20	36	18	38	19	20	10	-11	-7	50,0
Spla- stud	57	37	75	40	74	39	64	41	55	32	58	31	1	-6	53,4
Tysk	18	10	22	15	18	13	17	8	12	6	14	10	-4	0	71,4
Nordisk spr og litt	33	21	35	27	27	16	30	22	25	20	30	22	-3	1	73,3
Norrøn filologi											5	1	5	1	20,0
Norsk som 2. språk											9	8	9	8	88,9
Språkvit- skap	15	12	17	12	35	17	23	10	30	20	25	15	10	3	60,0
Gresk	11	3	4	2	4	2	5	2	3	3	1	0	-10	-3	0,0
Latin	9	3	9	3	5	2	10	8	5	3	5	1	-4	-2	20,0
Sum	356	210	468	279	472	259	482	271	412	251	490	280	134	70	57,1

Totalt er det ein auke i frammøtte studentar på 70 frå 2010 til 2015, men denne auken kjem av at det er oppretta nye program i japansk, kinesisk og norsk som andrespråk. På dei fleste programma er det relativt små endringar og ein del variasjonar i perioden.

I 2015 er det 5 program som har under 10 frammøtte studentar i 2015. Dei største programma er engelsk, japansk og kinesisk. Russisk og spansk språk og latinamerikastudium har relativt stor tilbakegang, men det er betydelege variasjonar i perioden.

Forholdet mellom frammøtte og tilbod varierer også. Det nye bachelorprogrammet i norsk som andrespråk har høgt frammøtte. Totalt er frammøttet i høve til tilbod på 57,1 prosent i 2015. I 2010 var forholdet litt høgare, 59,0 prosent.

Tabell 4.2b Tilbod og møtt i bachelorprogram 2010 – 2015. Andre fag

Program	2010		2011		2012		2013		2014		2015		Endr		2015
	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	pst møtt
Arkeologi	60	35	55	26	50	33	70	28	81	46	76	34	16	-1	44,7
Digital kultur	39	23	49	26	65	36	65	35	70	29	78	50	39	27	64,1
Filosofi	65	37	60	36	93	56	66	42	58	32	78	45	13	8	57,7
Historie	177	111	195	116	227	131	201	116	163	100	204	121	27	10	59,3
Kjønnsstudier	25	11	26	8	32	11	43	17	36	21	27	14	2	3	51,9
Kulturvitskap	40	22	67	42	60	30	62	29	27	12	35	16	-5	-6	45,7
Kunsthistorie	57	34	59	26	75	41	66	31	49	36	46	30	-11	-4	65,2
Litteraturvitskap	58	40	84	54	69	48	71	50	64	45	66	41	8	1	62,1
Religionsvitskap	37	23	48	29	59	32	55	31	36	25	41	29	4	6	70,7
Retorikk	31	17	40	26	40	23	51	26	27	18	22	11	-9	-6	50,0
Teatervitskap	40	19	48	28	40	17	42	16	40	21	30	15	-10	-4	50,0
Sum	629	372	731	417	810	458	792	421	651	385	703	406	74	34	57,8

Totalt er det ein auke i talet på frammøtte studentar på 34 sidan 2010, men det er store skilnader mellom programma. Digital kultur, historie, filosofi og religionsvitskap har ein bra auke. Dei andre faga har om lag status quo eller ein liten nedgang.

I 2015 er historie det største programmet med 121 frammøtte. Det er ingen program med under 10 frammøtte; 6 program har frå 11 -30 frammøtte, 5 program har over 30 frammøtte. Frammøtteprosenten er litt høgare enn i språkfaga, 57,8 prosent mot mot 57,1 prosent. I 2010 var frammøtteprosenten 59,1 prosent.

Tabell 4.2c Tilbod og møtt i årsstudia 2010 – 2015

Program	2010		2011		2012		2013		2014		2015		Endring		2015
	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	pst møtt
Engelsk	31	4	34	9	46	10	70	16	54	9	77	21	46	17	27,3
Fransk	16	5	18	4	33	6	26	6	17	5	17	7	1	2	41,2
Spla-stud	30	12	36	6	43	3	28	3	27	5	28	8	-2	-4	28,6
Tysk	18	2	8	2	16	2	9	1	11	4	16	6	-2	4	37,5
Norsk som andrespråk	25	9	15	6	16	4	31	16	20	7	14	8	-11	-1	57,1
Filosofi	25	6	24	3	34	4	38	11	38	6	24	7	-1	1	29,2
Sum, start vår	145	38	135	30	188	29	202	53	167	36	176	57	31	19	32,4
Historie	23	13	62	28	87	40	111	60	165	83	181	93	158	80	51,4

Kunsthistorie	35	21	40	24			51	27	79	36	84	40	49	19	47,6
Nordisk	30	23	47	27	49	33	61	35	54	31	52	25	22	2	48,1
Religionsvitenskap	38	20	50	27	66	24	72	36	48	25	66	41	28	21	62,1
Sum start h	126	77	199	106	202	97	295	158	346	175	383	199	257	122	52,0
Totalsum	271	115	334	136	390	126	497	211	513	211	559	256	288	141	45,8

Fakultetet har relativt mange studieplasar i årsstudia. Totalt vart det gitt 559 tilbod i 2015, men det var berre 256 frammøtte. Det er store skilnader mellom dei programma som startar om våren, der under 1/3 av studentane møter opp, og dei som startar om hausten, der frammøtet er 52 prosent.

Sidan fakultetet brukar så mange av studieplassane på årsstudia, bør det undersøkjast nærare kva studiekarriere desse studentane har.

Tabell 4.2d Tilbod og møtt i lektorutdanningsprogramma i 2010 – 2015

Program	2010		2011		2012		2013		2014		2015		Endring		2015
	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	pst møtt
Framandspråk	37	20	50	32	67	48	48	28	61	35	58	32	21	12	55,2
Nordisk	41	32	38	19	39	26	50	37	40	24	43	31	2	-1	72,1
Sum	78	52	88	51	106	74	98	65	101	59	101	63	23	11	62,4

Frammøtet er relativt bra, særleg i programmet knytt til nordisk.

4.3 Registrerte studentar

Som vi har sett ovanfor har det vore ein liten nedgang i studenttalet for fakultetet totalt. Vi skal sjå nærare på utviklinga i ulike typar program 2010 – 2015. DBH-tabellane her er berre per semester, og vi brukar her tal for haustsemester.

Tabell 4.3 Registrerte studentar i haustsemester 2010 - 2015

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endr 10 - 15
Dagens bachelorprogram unntatt musikk	781	1227	1531	1553	1515	1517	736
Bachelorprogram i musikk	119	112	107	117	111	124	5
Tidlegare bachelorprogram	981	500	210	96	30	11	-970
Sum bachelor	1881	1839	1848	1766	1656	1652	-329
2-årig master	524	512	529	539	530	540	16
Integrert master	185	198	236	255	274	284	99
Årsstudium	146	160	142	228	236	284	138
Internasjonale program/norsk for utanlandske studentar	276	255	255	220	263	308	32
Enkeltemne/fjernundervisning/vidareutdanning	543	317	292	285	302	226	-317
Totalsum	3562	3288	3306	3301	3268	3298	-264

Sidan 2010 er det ein nedgang på 264 studentar, men nedgangen kjam frå 2010 til 2011. Etter 2011 er det om lag stabile4 studenttal.

Nedgangen kjem særleg i bachelorprogramma og i enkeltemne/fjernundervisning/vidareutdanning. Årsstudium og integrert master har størst auke. Dei tre første åra av integrert master kan reknast som bachelornivå, og auken her kompensere delvis for nedgangen i bachelorprogramma.

Oversikt over studenttalet i dei enkelte programma er gitt i vedlegg 1.

4.4 Avlagde studiepoeng på dei ulike studieprogramma

Som det går fram av fotnote til tabell 4.1 er studiepoenga er fordelte på to måtar. Vi skal her sjå på kor mange studiepoeng studentane på dei ulike programma avlegg, og vi tar derfor utgangspunkt i framgangsmåte 2.

I 2015 avla studentane med studierett på HF-program 1979,3 årseiningar.

I vedlegg 2 er det ein detaljert oversikt over avlagde studiepoeng på dei enkelte programma i 2010 – 2015, oppsummert i tabellen nedanfor.

Dei nye bachelorprogramma starta opp hausten 2010, og det betyr at det var først i 2013 at det var tre heile årskull på programma. Dei tidlegare programma er om lag fasa heilt ut.

Tabell 4.4 Avlagde studiepoeng ved HF 2010 – 2015. Fordelte på program der studenten er aktiv

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	Endr 14 - 15
Dagens bachelorprogram unntatt musikk	296	678,6	877,2	883,8	870,7	891,9	21,2
Bachelorprogram i musikk	105,3	102,5	91,7	95,5	90,7	98,75	8,1
Tidlegare bachelorprogram	756,3	408,7	174	62,2	20,6	4,9	-15,7
2-årig master	336,9	361,7	354,5	333,3	328,2	348,4	20,4
Integrert master	121,1	133,4	170,7	183,5	201,1	229,5	18,4
Internasjonale program/norsk for utanlandske studentar	210,3	214	221,7	220,3	167	198	31
Enkeltemne/fjernundervisning/vidareutdanning	159,2	132,9	123,9	106,9	113,7	88,5	-25,2
Årsstudium	156,2	96	88,6	113,9	118	129,3	11,3
